



MULTICONULT ASA  
Postboks 265 Skøyen  
0213 OSLO

Dato: 25.06.2018  
Vår ref.: 2018/11355-5  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## Kulturminnefagleg innspel og varsel om arkeologisk registrering - Manger sentrum aust - detaljregulering - Radøy kommune

Me viser til Dykkar brev datert 29.05.18 med varsel om oppstart av arbeid med ovanfor nemnde plan, samt vårt brev datert 18.06.18. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eit av punkta i planutgreiinga ved offentlig ettersyn. I planutgreiinga må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. I tillegg til fornminne og bygningar/bygningsmiljø, er det også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdsselsårer, utmarksminner og kulturlandskap. Planen kan ikkje vere i konflikt med automatisk freda kulturminne, eller andre nasjonale og regionalt viktige kulturminne.

Planens formål er å leggja til rette for etablering av ny brannstasjon, utviding av miljøstasjon og bruksendring av eksisterande offentleg bygningsmasse.

### Kjende arkeologiske funn innafor planområdet

Det er registrert eit lausfunn på gnr. 48 bnr. 5, ei kleberklubbe frå yngre steinalder/bronsealder (Askeladden ID: 90671).

### Arkeologisk registrering

Då delar av arealet har potensial for nye funn av automatisk freda kulturminne, finn me det naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om planen kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Budsjettet for registreringa vil bli ettersendt.

Me har ikkje heimel til å krevje registreringa gjennomført før planen blir lagt ut til offentlig ettersyn, men det vil vere en fordel for tiltakshavar å klarlegge spørsmål kring kulturminneverdiar i planområdet på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadane av registreringa belastas av tiltakshavar.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*